

**Utval:** Fylkesutvalet  
**Møtestad:** Scandic Flesland Airport, Blomsterdalen  
**Dato:** 24.10.2019  
**Tidspunkt:** 15:15-17:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	Sp
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Gadolin	Medlem	A Til kl. 16:50
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Silja Eikeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp Til kl. 16:50

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	Medlem	V

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Strømmen	Gunhild Berge Stang	MDG

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleder
Ingrid Holm Svendsen	Påtroppande fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Påtroppande fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Rolf Rosenlund	For påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Påtroppande fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Påtroppande fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Bertil Søfteland  
Ingeborg Strandberg

Seksjonsleiar politisk sekretariat  
Rådgjevar politisk sekretariat

Ingeborg Strandberg  
Møtesekretær

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
GK 1/19	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
RS 1/19	Referatsaker Funksjonar i Vestland fylkeskommune - brev frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland	2019/24	
RS 2/19	Vestland fylkeskommune - oversikt over større politiske saker i 2019	2019/25	
RS 3/19	Deltaking på komitehøyringar på Stortinget i samband med statsbudsjett for 2020	2019/30	
PS 1/19	Politiske saker Statlege retningsliner for behandling av søknader om løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på land	2019/21	
PS 2/19	Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune	2019/20	
PS 3/19	Vestland fylkeskommune - målvedtak i samband med fylkessamanslåinga	2019/12	
SI 1/19	Skriftlige spørsmål Spørsmål frå Framnes (Frp) - Orientering om ferjebrann i fylkesutvalet 24.10.2019	2019/38	

## Godkjenningssaker

### GK 1/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.10.2019

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

## Referatsaker

### RS 1/19 Funksjonar i Vestland fylkeskommune - brev frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.10.2019

RS 1/19 vart referert.

## **RS 2/19 Vestland fylkeskommune - oversikt over større politiske saker i 2019**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.10.2019**

RS 2/19 vart referert.

## **RS 3/19 Deltaking på komitehøyringar på Stortinget i samband med statsbudsjett for 2020**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.10.2019**

RS 3/19 vart referert.

## **Politiske saker**

### **PS 1/19 Statlege retningslinjer for behandling av søknader om løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på land**

#### **Forslag til vedtak**

1. Vestland fylkeskommune meiner det kan vere bra for søkjarar og forvaltninga å ha retningslinjer for tildeling av løyve til landbaserte oppdrettsanlegg for matfisk av laks og aure, men finn at retningslinjene av 4. juli vil vere til hinder for teknologiutvikling for gjennomstrøymingsanlegg.
2. Vestland fylkeskommune vil påpeike at retningslinjene, slik dei er presisert av Nærings- og fiskeridepartementet, utelukkar ein type landbasert oppdrettsteknologi som på sikt kan bli den mest klimavennlege. Det er avgjerande å legge til rette for oppdrettsteknologi som krev minst energiforbruk, og som gjer at straumnettet ikkje vil vere ein avgrensande faktor for etablering av slike anlegg langs kysten.
3. For å redusere energibehovet foreslår Vestland fylkeskommune at departementet opnar for at botn på produksjonseiningane kan plasserast under lågaste tidevatn.
4. Vestland fylkeskommune vil vise til at ein søknad om etablering av landbaserte anlegg vil krevje detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova og handsaming etter akvakulturlova. Dette vil ivareta kommunale, regionale og statlege interesser.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.10.2019**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

5. Vestland fylkeskommune meiner det bør vere mogleg å kreve vederlag for løyve til landbasert anlegg.»

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.  
Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

#### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune meiner det kan vere bra for søkjarar og forvaltninga å ha retningslinjer for tildeling av løyve til landbaserte oppdrettsanlegg for matfisk av laks og aure, men finn at retningslinjene av 4. juli vil vere til hinder for teknologiutvikling for gjennomstrøymingsanlegg.
2. Vestland fylkeskommune vil påpeike at retningslinjene, slik dei er presisert av Nærings- og fiskeridepartementet, utelukkar ein type landbasert oppdrettsteknologi som på sikt kan bli den mest klimavennlege. Det er avgjerande å legge til rette for oppdrettsteknologi som krev minst

energiforbruk, og som gjer at straumnettene ikkje vil vere ein avgrensande faktor for etablering av slike anlegg langs kysten.

3. For å redusere energibehovet foreslår Vestland fylkeskommune at departementet opnar for at botn på produksjonseiningane kan plasserast under lågaste tidevatn.
4. Vestland fylkeskommune vil vise til at ein søknad om etablering av landbaserte anlegg vil krevje detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova og handsaming etter akvakulturlova. Dette vil ivareta kommunale, regionale og statlege interesser.

## **PS 2/19 Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.10.2019**

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette på vegner av Sp, A, MDG, SV og KrF fram slikt forslag:

«Endring

Punkt 1, tillegg før prosjektleiar sitt framlegg:

Fylkestinget viser til §10 i partilova om «overordnede prinsipper for offentlig støtte» og legg denne til grunn for Vestland fylke si partistøtteordning.

Alternativ:

Punkt 2, 3 og 4:

2. Fylkestinget legg til grunn at midlar i ordninga vert fordelt med 15% av vedteke ramme fordelt likt på alle parti som grunnstønad, og resten (85%) vert fordelt til partia etter tal røyster ved valet 2019.

3. Ordninga gjeld frå 1. januar 2020. Partistøtta skal årleg utbetalast til dei politiske partia sin fylkesorganisasjon som eit eingongsbeløp i januar.

4. Fylkestinget legg til grunn at midlane vert disponert slik at gruppene skal kunne utføre sitt arbeid og sine planar på ein god og tilfredsstillande måte.»

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesrådmannen si innstilling til vedtak for fordelingsnøkkel blir vedteken.

Fylkesrådmannen får i oppdrag å innarbeide ein reduksjon på 20% i grunnstønad og representantstønad i samband med den pågåande budsjettprosessen for 2020.»

### **Avrøysting**

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB) og fall.

Heen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Heen sitt forslag punkt 2 fekk 10 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 for innstillinga .

Heen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga.

Heen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga.

## **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget viser til §10 i partilova om «overordnede prinsipper for offentlig støtte» og legg denne til grunn for Vestland fylke si partistøtteordning.

Fylkestinget vedtek ordning med støtte til politiske parti i Vestland fylkesting, og vil fastsette økonomiske rammer for ordninga i fylkesbudsjettet for 2020.

2. Fylkestinget legg til grunn at midlar i ordninga vert fordelt med 15% av vedteke ramme fordelt likt på alle parti som grunnstønad, og resten (85%) vert fordelt til partia etter tal røyster ved valet 2019.
3. Ordninga gjeld frå 1. januar 2020. Partistøtta skal årleg utbetalast til dei politiske partia sin fylkesorganisasjon som eit eingongsbeløp i januar.
4. Fylkestinget legg til grunn at midlane vert disponert slik at gruppene skal kunne utføre sitt arbeid og sine planar på ein god og tilfredsstillande måte.

## **PS 3/19 Vestland fylkeskommune - målvedtak i samband med fylkessamanslåinga**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek nynorsk som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.10.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektleiaren si innstilling vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget vedtek nynorsk som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune.